



## KOMMUNEREFORMA - VEGEN VIDARE FOR TIME KOMMUNE

### Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Time formannskap	061/16	07.06.2016
Time kommunestyre	033/16	14.06.2016

### Framlegg til vedtak:

- Kommunestyret i Time stadfester resultatet av folkeavstemminga i Time og vil på grunnlag av denne anbefala etableringa av ein ny Jæren kommune.*
- Time kommune vil på grunnlag av resultatet av folkeavstemmingane i Hå og Klepp likevel ikkje ta vidare initiativ ovanfor dei to nabokommunane om å danna ein ny Jæren kommune.*

### **Time formannskap**

Forslag frå **Anne Helen Eide, MdG:**

Time kommunestyre anerkjenner at innbyggerne i Time kommune har gitt uttrykk for at de ønsket en sammenslåing av Klepp, Time og Hå. Forutsetningen for tilslutningen var imidlertid at saken skulle avgjøres gjennom folkeavstemning. På bakgrunn av den folkeavstemningen som ble gjennomført 25. april 2016, er dette ikke lenger mulig, og en kan ikke se at det er folkelig grunnlag for å støtte en sammenslåing av kommunene. Vi kan derfor ikke anbefale at dette gjøres på nåværende tidspunkt.

Framlegget vart vedtatt med 8 røyster medan 1 røysta for Anne Helen Eide sitt forslag (MDG).

### **FSK-061/16 Framlegg:**

- Kommunestyret i Time stadfester resultatet av folkeavstemminga i Time og vil på grunnlag av denne anbefala etableringa av ein ny Jæren kommune.*
- Time kommune vil på grunnlag av resultatet av folkeavstemmingane i Hå og Klepp likevel ikkje ta vidare initiativ ovanfor dei to nabokommunane om å danna ein ny Jæren kommune.*

### **Time kommunestyre**

Forslag frå **Ørjan Z. Johansen, MDG:**

Time kommunestyre anerkjenner at innbyggjarane i Time har uttrykt eit ønske om samanslåing av Klepp, Time og Hå. Føresetnaden var imidlertid at det skulle vera frivillig for alle kommunane. Timebuen har ikkje sagt ja til storkommune i lag med nokon som ikkje vil. Me kan difor ikkje anbefala kommunesamanslåing.

Forslag frå Ørjan Z. Johansen fekk 2 røyser og falt (SV, MDG).

Pkt. 1: Framlegget frå FSK vart samrøystes vedtatt.

Pkt. 2: Framlegget frå FSK vart vedtatt med 20 mot 7 røyster (7 H).

***KS-033/16 Vedtak:***

- 1. Kommunestyret i Time stadfester resultatet av folkeavstemminga i Time og vil på grunnlag av denne anbefala etableringa av ein ny Jæren kommune.*
- 2. Time kommune vil på grunnlag av resultatet av folkeavstemmingane i Hå og Klepp likevel ikkje ta vidare initiativ ovanfor dei to nabokommunane om å danna ein ny Jæren kommune.*

## **KOMMUNEREFORMA - VEGEN VIDARE FOR TIME KOMMUNE**

### **SAKA GJELD**

Time kommune har på oppdrag frå kommunal- og moderniseringsdepartementet greidd ut spørsmålet om kommunereform og kommunesamanslåing og gjennomført folkerøysting om etablering av Jæren kommune. Saksgangen er forankra i Time kommunestyre sine vedtak i sak 051/14: kommunereformen – statlige føringar, status og veien vidare, sak 041/15: kommunereforma – vidare framdrift og sak 002/16: kommunereform Jæren kommune.

Det vert i denne saka gjort greie for utgreiinga som er gjort, gjennomføringa og resultatet av folkerøystinga og vidare prosess i kommunereformarbeidet.

### **SAKSOPPLYSNINGAR**

Regjeringa presenterte kommunereforma 14. mai 2014 i kommuneproposisjonen for 2015. Den 27. august 2014 mottok Time kommune invitasjon frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til å delta i reformprosessen. Her vert følgjande mål for kommunereformen presenterte:

«Målene for reformen er gode og likeverdige tjenester til innbyggerne, en helhetlig og samordnet samfunnsutvikling, kommuner som er bærekraftige og økonomisk robuste, og et styrket lokaldemokrati».

#### **Invitasjon til reformprosess**

I brevet går det fram at fleirtalet i kommunal- og forvaltingskomiteen har understreka «at det er et utredningsansvar for alle kommuner», og at statsråden forstår dette slik: «alle kommuner skal gå gjennom prosessen med å diskutere og vurdere sammenslåing og at prosessen avsluttes med et kommunestyrevedtak senest innen våren 2016».

Etter inndelingslova §10 må kvart kommunestyre ta stilling til korleis innbyggjarane skal høyrast og det vert i brevet lova at kommunane får dekkja kr 100 000 til informasjon og folkehøyring dersom reformprosessen vert gjennomført og kommunestyrevedtak gjort innan sommaren 2016.

#### **Lokal gjennomføring**

Jærrådet gjorde i møte 24.5.2014 følgjande vedtak: «Korleis kan me i framtida løysa utfordringane knytt til tenesteproduksjon, arealplanlegging, og demokrati og deltaking? Jærrådet ber rådmennene i dei einskilte kommunane om å setje i gang ein prosess der me kan gje svar på desse spørsmåla.» Det vart vidare lagt opp til at arbeidet skulle skje ved at rådmennene gjennomførte ein analyse av tenester opp mot Ekspertutvalet sine kriterier og at ein skulle gjera ein tilsvarande politisk analyse av lokaldemokrati og samfunnsutvikling. Det skulle også lagast ein prosess for involvering av innbyggjarar.

Time kommunestyre slutta seg i møtet 21.10.2014 til Jærrådet sitt opplegg og felles

formannskapsmøte i november same året. Kommunestyret sa vidare i vedtaket:

«Det legges til grunn at kommunene i Jærrådet selv styrer både fremdriften og gjennomføring av arbeidet, og at fylkesmannen og KS Rogaland holdes informerte.»

Det vart hausten 2015 gjennomført SWOT-analysar av tenester, lokaldemokrati og samfunnsutvikling saman med kommunane Gjesdal, Hå, Klepp, Randaberg, Sandnes, Sola og Stavanger. Analysane vart samanstilte med tal frå KOSTRA og annan nøkkelinformasjon om drift og utvikling i dei aktuelle kommunane, og presenterte i rapporten «Ny kommunestruktur – felles utredning for de 8 kommunene Hå, Time, Klepp, Gjesdal, Sola, Randaberg, Sandnes og Stavanger». I oppsummeringa av utgreiinga (ks-sak 041/15) vert det anbefalt å greia ut ei samanslåing av dei tre Jærkommunane Klepp, Hå og Time vidare. Dette er grunngeve med at ein Jæren kommune geografisk ligg til rette for å handtera tenester, samfunnsutvikling og lokaldemokrati, at dei tre kommunane veks inn i kvarandre og har eit stadig meir omfattande samarbeid om tenesteutvikling, og at næringsstrukturen er forholdsvis lik i desse kommunane.

### **«Nabopratt» om Jæren kommune**

I møte 8. september 2015 tok Time kommunestyre rapporten til orientering og gjorde på grunnlag av denne vedtak om å gjennomføra nabopratt med Jærkommunane Klepp og Hå, der ordførar, varaordførar og leiar av det største opposisjonspartiet skulle gå inn i styringsgruppa for prosjektet. Oppdraget til styringsgruppa var å leggja fram eit framlegg til intensjonsavtale og grunnlag for folkehøyring for Time kommunestyre i februar 2016. Det vart opna for å gjennomføra «nabopratt» med andre kommunar i regionen dersom det kom slike initiativ.

Intensjonsavtalen som vart utarbeidd av styringsgruppa er ikkje eit juridisk bindande dokument men ei framstilling av kva føresetingar som må liggja til grunn for danninga av ein ny kommune, kva som er målet og korleis ein kan ta vare på fordelar og redusera ulempar ved ei samanslåing. Måla intensjonsavtalen set opp for Jæren kommune er styrka jordvern og landbruk, betre planlegging og utnytting av areal, framoverlent og framtidretta, gode og tilgjengelege tenester, sunn økonomi og ressursutnytting, gode vilkår for kulturen og dei frivillige, ein attraktiv arbeidsgjevar og ein smart kommune. Det går fram av avtalen at Jæren kommune tidlegast kan etablerast 1. januar 2019 og seinast januar 2020.

Etter «nabopratten» vart intensjonsavtalen lagt fram for kommunestyret 2. februar 2016 i sak 002/16. Kommunestyret gjorde følgjande vedtak:

1. Intensjonsavtalen vert grunnlag for folkeavstemming om Jæren kommune.
2. Det vert folkeavstemming 25. april 2016, der spørsmålet er «Skal Hå, Klepp og Time saman etablera ein ny Jæren kommune? Svaralternativ vert JA, NEI, BLANK.

Tilsvarande vedtak vart gjort i kommunestyra i Hå og Klepp.

### **Folkeavstemming om Jæren kommune**

Før folkeavstemminga vart intensjonsavtalen og ein brosjyre med informasjon om korleis ein

kunne delta i valet sendt ut til alle husstandar i kommunen. Det vart også gjennomført tre felles folkemøte for dei tre kommunane og i tillegg møte på kvar av dei tre vidaregåande skulane. Informasjon om nabopraten på Jæren vart kontinuerleg oppdatert på nettsida minnyekommune.no, på kommunen sine nettsider og på dei tilhøyrande facebooksidene.

I folkeavstemminga som vart gjennomført 25. april 2016 var resultatet følgjande for dei tre kommunane:

Hå: Nei: 74,5%, Ja: 23,9% Blank: 1,6%

Klepp: Nei: 73,2%, Ja: 25,3%, Blank: 1,6%

Time: Nei: 40,8%, Ja: 56,4%, Blank: 2,8%

Valdeltakinga i Time var 53,8%

### **Vidare prosess**

Regjeringa har sett siste frist for å gjera kommunestyrevedtak om kommunereform til 1. juli 2016. I løpet av hausten 2016 skal fylkesmannsembeta oppsummera etter dei lokale vedtaka. Våren 2017 legg departementet fram ein proposisjon med framlegg til ny heilskapleg kommunestruktur og ein samla lovproposisjon om nye oppgåver. Stortinget behandlar proposisjon om ny kommunestruktur og lovproposisjon om nye oppgåver i juni 2017. Samanslåingar Stortinget vedtar våre 2017 kan tre i kraft frå januar 2019 dersom det er ønska lokalt, dei øvrige samanslåingane trer i kraft frå 1. januar 2020.

I brev frå fylkesmannen i Rogaland av 15. april 2016 går det fram at fylkesmannen vil skriva si tilråding om framtida kommunestruktur i Rogaland ut frå ei heilskapleg vurdering og «etter ein gjennomgang av kvar enkelt kommune og faktakjelder elles». Fylkesmannen har laga ei momentliste for kva kommunane skal omtala i si tilbakemelding etter kommunestyrevedtaket:

- Grunndata – korte fakta (innbyggartal, busettingsmønster, avstandar, kommunikasjon)
- Prosess
- Organisering av arbeidet
- Kva alternativ har vore diskutert – nabopratar
- Type og resultat - innbyggjarinvolvering (folkemøte, folkehøyring, ...)
- Aktuelle intensjonsavtalar, kva blei valt
- Vurdering av kommunen etter dei fire hovudrollane
- Økonomisk status og utvikling

### **VURDERING**

Time kommune har etter rådmannen si vurdering utført utgreinga av kommunereform og grunnlaget for samanslåing av nabokommunar som regjeringa har pålagt kommunane å gjennomføra.

Etter vedtak i kommunestyret er folkerøysting gjennomført med over 50% deltaking og med fleirtal for at Time skal etablera ein ny Jæren kommune saman med Klepp og Hå. Utgangspunktet for folkerøystinga og etableringa av ein ny kommune er intensjonsavtalen slik den er godkjend av kommunestyret. Dette dannar etter rådmannen si vurdering grunnlag for at Time kommune går inn for ei kommunesamanslåing med Hå og Klepp til Jæren kommune.

Når situasjonen likevel er slik at det i Hå og Klepp er klare fleirtal mot kommunesamanslåing, talar dette mot at Time kommune skal ta fleire initiativ til samanslåing.

Som det går fram av tidlegare saker i løpet av utgreinga om kommunereform i Time kommune, meiner rådmannen at ei samanslåing av tre kommunar med så likt geografisk, kulturelt og økonomisk utgangspunkt ville vera framtidssretta og gi Jæren kommune stor bærekraft. Det er vesentleg at intensjonsavtalen legg vekt på at ein ny kommune skal ta opp i seg det beste frå kvar av dei eksisterande kommunane, at dei breie tenestene skal leverast nær innbyggjarane og at spesialiserte og sårbare tenester skal styrkjast gjennom samordning.

Samtidig som Time kommune i dag har ein storleik og eit inntektsgrunnlag som gjev grunnlag for å levera trygge og framtidssretta tenester til innbyggjarane, syner analysen som vart utarbeidd i samarbeid med dei sju kommunane i regionen at framtidige utfordringar både når det gjeld demografisk utvikling, økonomi og samfunnsplanlegging kan vera krevjande å handtera med dagens kommunestorleik.

Utan endringar i kommunestrukturen vil kommunane etter rådmannen si vurdering framover måtta finna nye måtar å løysa desse utfordringane, i eigen organisasjon eller gjennom nye samarbeidsformer.

## **KONKLUSJON**

Rådmannen vil på bakgrunn av resultatet av den rådgjevande folkerøystinga 25. april 2016 tilrå at kommunestyret stadfestar folket sitt råd om at Jæren kommune skal etablerast. Når det likevel er slik at dei aktuelle nabokommunane Hå og Klepp sine resultat i den rådgjevande folkerøystinga er nei til samanslåinga, vil rådmannen ikkje tilrå at Time kommune tek nye initiativ for å etablera Jæren kommune.

Rådmannen vil vidare tilrå at utgreiingane som er gjort i samarbeid med kommunereformsaka, intensjonsavtalen og dei tilhøyrande politiske sakene vert sende over til fylkesmannen i Rogaland som dokumentasjon på gjennomført prosess og analyse av noverande og framtidig situasjon i kommunen på dei fire hovudområda som er greidde ut.

Rådmannen i Time, den 23.05.2016

Brit Nilsson Edland

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur*

